

Sukkermaur har innedo



Har du nokon gong tenkt på korleis insekt går på do? No har tyske forskarar funne ut at svarte sukkermaurar samlar bæsjen sin på bestemde plassar i dei underjordiske tunnelane sine. Det er første gong ein har sett at maur har innedo.

TEKST: IRENE INMAN TJØRVE
FOTO: SHUTTERSTOCK



Mange insekt som lever i koloniar eller bol, har ein do der dei samlar bæsjen sin. Både dyr og menneske pleier å ha doen sin på ein annan stad enn der dei et og oppheld seg. Bæsj inneheld sjukdomsbakteriar og parasittar, og det er viktig at dei ikkje kjem i kontakt med maten vi et. For at vi skal overleve og halda oss friske og sunne, er det viktig at vi ikkje bæsjar der vi et!

Søppelplassar

Mange insekt, til dømes nokre maur og kakerlakkar, ber bæsjen ut og kastar han utanfor bolet. Nokre maur har eigne søppelplassar der dei dumpar bæsj og anna avfall. Honningbier bæsjar når dei er ute og flyg. Bladskjerarmaur har hagar der dei dyrkar

sopp og dei bruker bæsjen sin til å gjødsle sopphagane med. Termittar byggjer tårn av bæsjen sin. Nokre insekt bruker bæsjen sin til å merke territoriet sitt med – som eit luktande skilt som seier at «Her bur vi!». Det finst til og med insekt som festar bæsjen sin på kroppen og bruker han som kamuflasje!

Tørt tiss

Du lurar kanskje på om insekta tissar også? Det gjer dei! Men ikkje flytande tiss, slik som oss. Tissa deira er eit tørt stoff som blir kalla urinsyre som kjem ut saman med bæsjen. Rarast av alle er skrukketrollet, som rett nok ikkje er eit insekt, men eit krepsdyr. Det tissar ved å sende ut ei sky av gass gjennom ørsmå porer på kroppen!

Bæsja i tua

Dei tyske forskarane studerte 21 koloniar av svarte sukkermaurar i laboratoriet. Dei la merke til at maurane bæsja i bestemte hjørne i tua. Dei gav maurane anten raud- eller blåfarga sukkervatn, og etter ei stund fann dei igjen anten raude eller blå toalett-flekker i tua. Sukkermaurane fjerna alt anna avfall frå tua, men do-flekkane heldt dei innomhus. Forskarane lurar på om desse toaletta kan vere til nytte på eit eller anna vis. Kanskje unge maur kan gå dit for å hente spesielle næringsstoff eller bakteriar som dei treng? Nokre termittar har antibakterielle stoff i bæsjen sin som held kolonien sunn og frisk. Kanskje har sukkermaurane det også? Dette er ein av tinga som forskarane planlegg å sjå nærmare på.

«For at vi skal overleve og halde oss friske og sunne, er det viktig at vi ikkje bæsjar der vi et!»

